



Og no over til hesjing på Dønhaug!

**Å sameine kreftene er viktig når store løft skal takast. Det har leiinga for Festidalen og leiinga for idrettslaget no teke konsekvensen av.  
-Vi følte at vi hadde så mykje energi og maskinelt utstyr at vi burde gjera dette, seier leiinga for Festidalem. Kva er det så dei har gjort?**

Gjennom fleire år har forsømt borttrydding av graset på idrettslaget sitt areal ved grusbana vekt irritasjon og utløyst klager. Slik blir det ikkje i år.

Idag skulle festivalarenaen striglast og då var det naturleg å samordna dette med slåttan i sentrum. No framstår dette området som velfrisert samstundes som det i desse timane blir sett opp hesjer på festivalområdet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen